

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 01.12.2006
Vår ref: 2006/2350 - 11658/2006 /
Dykkar ref:

Staten og Den norske kyrkja - høyring

Stord kommune hadde høyringsuttalen oppe i formannskapet 30.11.06 og vedlagd ligg utskrift av saksprotokoll frå møtet.

Med helsing



Marit Annie Åkra
møtesekretær

60/06 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Stord kommune gjev følgjande uttale:

Me tilrår at dagens statskyrkjeordning med ei grunnlovsfesta folkekyrkje vert halden open.

Grunngjeving

Den norske kyrkja hadde i 2004 3,9 millionar medlemmer. Døypte i forhold til fødde var i 2004 77,7%. Konfirmerte utgjorde 67,7%, og 49 % gifta seg med kyrkjeleg vigsel.

Vårt tilhøve til kyrkja endrar seg gjennom ulike livsfasar. Den høge prosentdelen av døypte viser at dei fleste ser på dåpen som viktig og dei gjer eit bevisst val. Dei fleste vel også å konfirmera seg i kyrkja. Mange har såleis eit tilhøve til kyrkja sjølv om dei ikkje går til gudsteneste kvar søndag. Dette gir kyrkja ein høveleg låg terskel slik at alle kan kjenna seg heime utan omsyn til trusengasjement. Difor har kyrkja ein viktig funksjon som tradisjons- og kulturberar i lokalsamfunnet. Ei kyrkje som også er ein naturleg samlingstad når til dømes ulykker og større katastrofer oppstår.

Den politiske samhandlinga som me har mellom kyrkje og stat bidreg til demokratisk utvikling og fornying i takt med samfunnsutviklinga.

Statskyrkja er ei open og inkluderande folkekyrkje som har utvikla seg i takt med samfunnet elles. Dette samspelet er ein viktig føresetnad for at me i dag har ei tolerant og open kyrkje.

Ei grunnlovsforankra folkekyrkje gir det beste grunnlaget for at tilknytninga mellom kyrkje og folk skal vara ved. Ei slik forankring krev at eit fleirtall av medlemmene i regjeringa er medlem av statskyrkja. Dermed er Den norske kyrkja representert i regjeringa.

Demokratiet i kyrkja må styrkast og vidareutviklast på alle nivå. Gjennom Lov om Den norske kyrkja må det sikrast at kyrkja vert styrt etter opne demokratiske prosessar og lova må tilpassast denne målsettinga. Ein må såleis vera open for å setja i verk reformer i dagens statskyrkjeordning både når det gjeld ordninga for tilsetjing og val. Setningen i Grunnlovas paragraf 2 om oppdragarplikta, må ein fjerna.

Me vil understreka at det også i framtida må vera den utøvande makta – regjeringa – som utnemner biskopar. Dette sikrar at kyrkja er innordna dei viktigaste demokratiske institusjonane og at interessene til det store fleirtalet i kyrkja blir ivaretatt på ein god måte. Stord kommune støttar elles NOU 2002:2 sine tilrådingar når det gjeld "Grunnlovsforankret folkekirke".


Staten skal sikra full trus- og livssynsfridom for dei som ikkje ønskjer å vera medlemmer i statskyrkja. Det er ei offentlig oppgåve å bidra økonomisk og på andre måtar å leggja til rette for trus- og livssynssamfunna si verksemd, slik det er i dag.

Dersom val av ny kyrkjemodell fører til at kyrkja vert teken ut av grunnlova, skal det gjennomførast ei folkerøysting.

Freda og verneverdige kyrkjer

Kulturpolitiske og historiske omsyn tilseier at staten framleis må ta eit ansvar for freda og verneverdige kyrkjer. Desse kyrkjene er ein viktig del av norsk historie og tradisjon. Det må vurderast å etablere særskilte finansieringsordningar for freda og verneverdige kyrkjer, uavhengig av den framtidige relasjonen mellom staten og Den norske kyrkja.

Rett utskrift:



møtesekretær



STORTINGET
Riksdagen



Opplysningsvesenets fond (OVF)

Eigendomsretten til Opplysningsvesenets fond kan ikkje avgjerast gjennom juridiske utgreiingar, men må avgjerast ved eit politisk vedtak i Stortinget. OVF er statens og fellesskapets verdiar og eigendom og skal forvaltast til beste for fellesskapet.

Handsaming

Vedteke med 8 mot 1 røyst (Nils Magne Blålid, SV) Mindretalet røysta for eige framlegg

Arbeiderpartiet kom med framlegget slik det ligg føre i vedtaket.

Nils Magne Blålid, SV kom med følgjande framlegg til vedtak:


"Den norske kyrkja som statskyrkje bør avviklast og kyrkja bør forankrast i eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget. Kyrkja bør finansierast med støtte frå det offentleg og noe medlemsavgift.

Tilhøvet mellom stat og kyrkje bør regulerast i eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget.

Kommunen bør i samarbeid med den lokale kyrkja ha ansvar for gravferdsforvaltinga. Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret med støtte frå det offentlege. Freda og verneverdige kyrkjer bør vere eit statleg ansvar. Eigendomsretten til (OVF) Opplysningsvesenets fond må avgjerast med politisk vedtak i stortinget."

Framlegget fekk 1 røyst.

Rett utskrift:


møtesekretær